



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	28.08.2022 19:48:34
ReferanselD	ALV0039-1043150
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
Privat person	
Namn Ståle Øksnes	
Adresse Hopsvågen 59	
Postnr/sted 5955 LINDÅS	
Mobil 95975053	
Epostadresse staaleoksnes@gmail.com	

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Me saknar eit større miljø i utkanten av Alver. Me har mange arbeidsplassar i området, men for lite bustadar i høve til alle arbeidsmoglegheiter. Om ein vil at unge vaksne skal verta verande i kommunen, må ein leggje til rette for gode bustadområde. Det er også viktig at desse ivaretek god helse; med gode rekreasjons og fritidsområde.

Eigedomssopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

126/6 og 126/10

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Me viser til vedlagte kartutsnitt over delar av eigedommen vår.

Me ønskjer å gje innspel om å endra delar av eigedommen til bustadføremål. Opprinneleg er dette området utmark som i dag er LNF-område. Me meiner at dette er areal som er eigna for etalering av bueiningar. Arealet har fjellgrunn, og vil vere eit trygt område for utbygging. Området ligg fint til ved sjøen, og ein kan i tillegg opprette fellsareal i strandsona for fritid og rekreasjon.

Vidare er det eit eksisterande naustområde i Hopsvågen. Nausta ligg spreidd. Ein kan også i dette området opprette nye naustetomter.

Me ser at eigedommen vår har eit stort potensiale for å vera med på å vidareutvikla eine utkanten av Alver. Det som kan særleg tilleggast vekt er at dette området ligg om lag 5 km frå Mongstad, der tusenvis av arbeidsplassar fins. I den vedtekne kommuneplanen sin samfunnsdel er framtidvisjonen til Alver at det skal vera godt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i kommunen. Ein skal utvikle heile kommunen. Då må ein også sjå på utkantane. Meir spesifikt frå kommuneplanen sin samfunnsdel, og som er med å byggje opp under vårt innspel til endring, er eit av hovudmåla: "Alver har eit bærekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge." Me tenkjer at for å få dette best mogleg til, må arbeidarane busetje seg i området, og bli verande i kommunen. Me må difor leggje til rette for fine bustadfelt med gode rekreasjons- og fritidsområde- der folk kan trivast. Her har ein moglegheit til dette. Som tilleggsinformasjon opplyser me om at det vart i byrjinga av 2000-talet regulert eit område frå garden til bustadføremål. I dette regulerte området er det allereie lagt til rette for å kunne byggje ut eksisterande infrastruktur, vatn og kloakk. Området kartutsnittet vårt viser, grensar til dette.

Eventuelle vedlegg

Vedlegg

Kartutsnitt, innspel til kommuneplanen sin arealdel.pdf